



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Kristiansund kommune

Dato: 25.09.2020

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Høyring - forslag til detaljreguleringsplan for R-308 Brunsvika**

Vi viser til høyring av detaljreguleringsplan R-308 Brunsvika enebolig.

FNF Møre og Romsdal bryr seg om natur og friluftsliv. Vi prøver etter beste emne å medverke til at ein tek omsyn til livsgrunnlaget for framtidige generasjonar ved å sette av nok areal til dette. Vi er spesielt opptekne av strandsona som spesielt verdifullt for ålmenta til rekreasjon og der vi ser at utbyggingsinteressene i dei alle fleste tilfeller vinn fram.

Slik vi ser denne konkrete plana er det tenkt bygd ein bolig i strandsona foran eksisterande boligar. Slik vi ser det ligg eksisterande boligar i Brunsvika allereie nærme nok strandlina og at ei ny bolig ikkje bør byggast i strandsona. Denne strandsona skal nemleg vere ålmenn tilgjengeleg og må ikkje privatiserast. Vi vil prøve å begrunne dette.

Jfr Multiconsult sin rapport av 23.03.2020 startet fyllingen av massene på staden i 2001, noko som er dokumentert ved flyfoto som jo er udiskuterbar. Jfr same konsulentfirma er massene delvis forureina og må leverast til spesialmottak. I saksframlegget til Kristiansund kommune står det mellom anna at «Det er påstander om at fyllingen er ulovlig, og at det er tippet forurenset masse på stedet». For oss er det pussig at kommunen som jo veit om det er gjeve løyve til å dumpe masser (og forureina masser) her, lar vere å opplyse om eit slikt løyve er gitt eller ikkje. Vi vil seie at dette er eit viktig poeng i saksbehandlinga og ein feil i denne.

Slik vi les naturen på det omsøkte arealet så er dette ope berg som var ålmenn tilgjengeleg og lite privatisert før massetippinga skjedde. Slike berg var det ofte gjort enkel tilrettelegging ved at det eks var teke vekk lausmasser i høve til funksjon, her kanskje kleppfisktørking ? Med andre ord ligg det naturleg berg under fyllingen.

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Slik området framstår no ligg det naust i forkant av boligane. Eit naust har ikkje privat sone rundt seg jfr friluftslova som gjer at naust ikkje vanskeleggjer ålmenn tilgong til strandsona.

Jfr statsråd Nikolai Astrup i kommunal- og moderniseringsdepartementet i webseminar om strandsona den 23.09.2020 så er det Fylkesmannen som skal sjå til og passe på at statens sine interesser i strandsona blir ivareteke. Eit av statens sine hovudprinsipp er at om ein skal byggje i strandlina så skal utbygginga i hvertfall ha ei maritim interesse/tilknytning. Denne saka i Brunsvika i Kristiansund kommune er nettopp ei slik sak. Nedbygging av ei ope ålmenn tilgjengeleg strandline. Og kva skal det byggast ned med; har det noko maritim tilknytning, er utbyggaren avhengig av å byggje i strandlina ? Nei, det er bolig – som jo ikkje er avhengig av å byggje i fjøra i det heile. Med andre ord er svaret på utbyggingssøknaden og byggjeformålet NEI.

Jfr. Sivilombodsmann Hanne Harlem i webseminar 23.09.2020 gir kommunane mange dispensasjonar i strandsona. I si nylege gransking av praksis i kommunane i perioda 2016-2019 seier Sivilombodsmannen at hovudkonklusjonen er at dispensasjonsvedtak i liten grad er begrunna av kommunen, det er lagt avgjerande vekt på utbyggarens ønskje og behov og det blir lytta for lite til kva staten/Fylkesmannen meiner (sjå under).

Kommune	Vedtaksantall	Innvilgde
Kragerø	600	450
Mandal (nå Lindesnes)	181	174
Askøy	121	118

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Strandsonewebinar - Del 1  
Onsdag, 23. september 2020 - 09:00 (CEST)

## Foreløpig resultat

- Det innvilges mange dispensasjoner i strandsonen
- Stor variasjon i typen tiltak – fra nybygg til mindre endringer og VA-anlegg.
- Flertallet av vedtakene mangler begrunnelse.
- I en rekke vedtak skiller ikke kommunene mellom vilkårene for dispensasjon i § 19-2 andre ledd.
- I mange vedtak er det lagt avgjørende vekt på utbyggers ønsker og behov.
- Flere dispensasjoner til tross for Fylkesmannens fraråding.
- Det foretas ingen «kan»-vurdering.


SIVILOMBUDSMANNEN

*Skjermdump – innlegg fra Sivilombudsmannen under webseminar om strandsona 23.09.2020*

I saksframlegget blir det nemnt at det ligg eit statleg sikra friluftsområde aust for det omsøkte området. Vi finn ikkje eit kart over dette området og vi legg difor ved eit kart over dette viktige friluftsområdet slik at det ikkje er i tvil om kor dette viktige området er. Slik vi ser det treng folk all mogleg tilgjengeleg strandline til rekreasjon, også i Kristiansund og Brunsvika. Her har ein moglegheita til å utvide dette allereie sikra friluftsområdet ved å utvide dette vestover. Vi legg ved ei skisse til forslag til utviding av dette området. Det er naturleg å opparbeide dette arealet med ein kyststi med samlingspunkt, bålplassar etc. Staten har ei eigen statspost for sikring av viktige friluftsområder og vi oppmodar kommunen om å nytte seg av denne finansieringsmoglegheiten.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal



Kart – forslag utviding av friluftsområde merka med stiplet strek – areal markert blått er allereie sikra som friluftsområde (frå Gislink)

### Konklusjon

FNF Møre og Romsdal meiner at denne detaljreguleringsplana med forslag om nedbygging av strandlina til boligutbygging i Brunsvika må det seiast tydeleg NEI til. Vi oppmodar kommunen til å ta omsyn til ålmenta si behov for rekreasjonsområde i fjøra og vi ber kommunen om å sikre området som eit friluftsområde. Subsidiært ber vi om grunngeving om kvifor ein skal dispensere frå plan- og bygningslova sitt forbod mot bygging i strandsona nettopp her.

Med helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli  
koordinator

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



**f**orum for  
**n**atur og **f**riluftsliv  
Møre og Romsdal

Kopi:  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal